

Merknadsvurdering – KPA 2026-2038

	Regionale styresmakter	Merknad	Kommunens kommentar
Nr	Fråsegnpart	Fråsegn	Vurdering:
1.	NVE	1. NGI sine aktsemdskart for jord- og flaumskred dekkar ikkje heile kommunen. Må nytte landsdekkande kart for steinsprang og snøskred her. 2. Omsynssone H310 manglar sone for marin grense. Kommunen må Sikre krav til avklaring, gjennom enten føresegn eller gjennom tilføring i omsynssone H310. 3. Må ha ei tydeligare avklaring mellom H320 Flaumfare og føresegn §2.8.2. 4. Må sikre at områder i LNF-spreidd er tilstrekkeleg utgreid fare. 5. Ros-analyse: Saknar vurdering for eksisterande utbyggingsområde. 6. Vassdrag: Rår til at alle vassdrag og vatn med flate i kartgrunnlag vert arealføremål <i>Bruk og vern av sjø og vassdrag, Naturområde</i>. 7. Rår til at plan har føresegn som sikrar omsyn til vassdragsmiljø <i>bruk og vern av sjø og vassdrag</i> og for dei mindre vassdraga som ikkje er vist med slikt føremål. 8. Verna vassdrag: Må kome klarare fram kva område som er omfatta av vassdragsvern, og tilhøyrande vurderingar.	1. Nye aktsemdskart for snøskred, jord- og flaumskred, og steinsprang er innarbeidd i omsynssone H310 2. Teken til vitande. Omsyn til kvikkleire er Innarbeidd i føresegn § 5.1.5. 3. Teken til vitande. Omsyn til flaum er klargjort i føresegn § 5.1.7. 4. Teken til vitande. LNF-spreidd er ikkje vidareført og teken ut av planen. 5. Teken til vitande. Eksisterande areal er vurdert gjennom planvask. 6. Teken til vitande. Vassdrag har i hovudsak arealføremål naturområde. 7. Omsyn til vassdrag er forankra i § 5-1 og §3.1 og 3.2 og § 2.7.4. 8. Ivareteken i § 6.2 med sikringssone H110 med nedslagsfelt for drikkevatt.

2.	Statens Vegvesen	1. Manglar omtale av universell utforming i planomtale og føresegnar for planen. 2. Innspel: Føresegn 2.2.1: Endre ordlyd til «i vurderinga av om det kan gjerast unntak frå plankravet skal det Dokumenterast at..»	1. Omsyn til universell utforming ivareteken i § 2.6 – fysiske krav til tiltak. 2. Omsyn til unntak frå plan er ivareteken i § 2.1.1, med klare føringar for kva føresetnader som gjeld for å kunne gjeve unntak.
3.	Kystverket	1. Akvakultur: Det er ikkje samsvar mellom areal i arealplankart og godkjent lokalitet Skredstivika. 2. Rår til at nye akvakulturområde vert endra slik at dei ikkje kjem i konflikt med kvit sektor frå lyktene Sakriskjeret og Smilla. 3. Tilrår Farlei og ferdsle som tema i KU. 4. Føresegn: Tilrår: Om ny lokalitet ved skorpa og Borsholmen kjem i konflikt med kvit sektor, må søkjar dekke kostnadane for omskjerming av lyktene. 5. Fortøyningane frå akvakulturlokalitet må ligge djupare enn 20 meter når dei kjem inn kvit sektor. 6. Tilrår endre ordlyd i føresegn 3.5.4 om fiske til «Rett til å fortøye slepekast i land» og «steng»	1. Det er gjennomført justeringar gjennom KU for å få areal i planen i tråd med godkjent lokalitetar. 2. Teken til vitande. Kvit sektor lagt inn som tema i KU. 3. Teken til vitande. Dette er innarbeidd som tema 4. Teken til vitande. Kvit sektor lagt inn som tema i KU. 5. Teken til vitande. Omsyn til fortøyning er innarbeidd i føresegn § 4.4.7, pkt.2 6. Omsyn til fiske er omtala i føresegn 4.4.6, pkt.1 der fiske har prioritet framføre anna aktivitet.
4.	Fiskeridirektoratet	1. Utfordring knytt til reketrålefeldt, der bestemmelsar ikkje samsvarar med kombinert formål. 2. Omsynssone kring akvakulturanlegg i kan skape konflikt for reketråling. 3. Innsigelse: Rekeressursen i Åfjorden ivaretas ikkje tilstrekkeleg i planforslaget. Vil trekke innsigelse viss formulering i bestemmelse for arealformål «fiske VFI», også knyttast til arealformål «kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (VKA)»	1. Teken til vitande. Kombinert føremål er fjerna og erstatta med respektive føremål i planen. 2. Omsynssone for akvakultur er fjerna og innarbeidd som føresegn i § 4.4.7 pkt.2 som sikrar at fortøyning ikkje skal vere til hinder. 3. Teken til vitande. Kombinert føremål er fjerna og erstatta med respektive føremål i planen.

5.	Direktoratet for mineralforvaltning	1. Planomtale: Rår til at kommunen skaffar seg ei oversikt over kommunens mineralske ressursar og det som grunnlag for vidare arbeid. Kommunen bør vurdere områdene avsett til råstoffutvinning er dekkande ynskja utvikling i den kommande perioda. 2. Omsynssone H590 Orkheia: Rår til at viss ikkje kommunen ynskjer å sette av område til råstoffutvinning, så bør området sikrast med omsynssone. 3. Rår til at mineralressursar vert lagt inn som eit tema i KU, med bakgrunn i at det ikkje er ein fornybar ressurs. 4. Rår til at (Bru1) vert tatt inn under planbestemmelsen under «Råstoffutvinning BRU» med ordlyden: <i>«Drift skal skje i medhald til føresegna i minerallova med gjeldande forskrifter, samt vilkår etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) er mynde etter minerallova»</i>	1. Er gjort vurdering knytt til dette og gjennomført KU for eksisterande areal. 2. Teken til vitande. Omsynssone H590 er innarbeidd i planframlegget. 3. Ikkje teken til følgje, men lausmassar er vurdert gjennom grunnførehold i ROS-analyse. 4. Teken til vitande. Er innarbeidd i føresegn § 4.1.6, pkt 3
6.	BKK	1. Må syne høgspenlinjer som omsynssone i arealplanar.	1. Ivarteken gjennom omsynssone H370.
7.	Vestland Fylkeskommune	1. Litt usammenhengande mellom plankart og KU. 2. Sjå på om alle aktuelle strategiar og mål frå samfunnsdel er innarbeid. 3. Saknar tydelegare fokus på klima. Bør inkludere tiltak for å redusere utsleppa jamnfør kommunen sine utsleppsmål. 4. Bør trekke eksisterande akvakulturområde inn i diskusjonen for heile kommunen. 5. Bør legge kartlegging av friluftsliv som grunnlag for planlegginga, særleg strandsona. 6. Tilrår å nytte NGU sine geologiske kart for å sjå aktuelle områder i kommunen for råstoffutvinng. 7. LNF-spreidd – Bør innarbeide føring om at spreidd busetnad må knytast til eksisterande infrastruktur.	1. Teken til vitande. Plankart og KU er samkøyrte. 2. Teken til vitande. Mål, strategiar og arealstrategiar er lagt som førande for KU og planvask for området. 3. Klima legg til grunn som tema i KU og planvask, med fokus på fortetting og trekke vekk områder frå myrterreng. 4. Teken til vitande. Både eksisterande og framtidige akvakulturareal er vurdert i KU.

		8. Bør ligge tydelegare føringar knytt til kva etat som handsamar byggegrense mot veg. 9. Oppmodar om legge utbygging mest mogleg til sentrum og eksisterande byggeområder. Planskildring 10. Bør ta med lov om kulturminne KU 11. Kritisk til for lav vurdering av kulturminne på Nesje Fort. Føresegn 12. Tilrår at tekst til omsynssoner vert samla lenger framme i dokumentet. 13. Tilrår å liste opp områda i H570 og H730 i tabell for betre oversyn. 14. Meir presise retningslinjer for nye bygg tilknytt støylar og naust. Plankart 15. Kulturminne som kommunen generelt framhevar bør vere synleg i plankart med omsynssone og føresegn. 16. Må innarbeidast omsynssone for Nesje Fort, som avklarar potensielle konflikter iht blant anna kulturminne. 17. Saniteteiaren like før for Espelandsvatnet må ha omsynssone H570.	5. Ligg inne i vurdering med strandsonevurdering. Er ivareteken i Omsynssone friluftsliv H530. 6. Teken til vitande. Omsynssone H590 er innarbeidd i planframlegget. 7. Teken til vitande. LNF-spreidd er ikkje vurdert i planframlegget. 8. Forankra i § 3.3 – byggegrense mot veg. 9. Teken til vitande. Dette samsvarar med kommunen sin arealstrategi og for bustad og fortetting. 10. Teken til vitande. Kulturomsyn er ivareteken i § 2.9. 11. Omsyn til kulturminne er ivareteken gjennom føresegn §2.9 og §4.1.5, pkt.1. 12. ikkje teken til vitande. Omsynssone er mest naturleg plassert i slutten av området. 13. Teken til vitande. Omsynssone er vurdert tydeleg i gjeldande oppsett som det ligg føre. 14. Teken til vitande. Omsyn til støylar er ivareteken i § 4.3.1, pkt 4 og naust i §4.1.10 15. Teken til vitande. Vurdert ivareteken gjennom omsynssone H570 og H730 med tilhøyrande
--	--	--	--

			føresegn. 16. Omsyn til kulturminne på Nesje fort ligg forankra i § 4.1.5, pkt 2. 17. Teken til vitande. Vert tatt med som innspel til revisjon av kulturminneplanen.
8.	Statsforvaltaren i vestland	1. Manglar vurdering av byggeområde som er vidareførte frå kommuneplanen opp mot nytt lovverk 2. Manglar byggegrense mot sjø i ein vidareførte byggeområde. Må innarbeidast og at formålsgrense bør trekkast vekk frå sjø der det er mogleg. 3. ROS: LNF-spreidd ligg innanfor faresone, utan at skredfare er avklart. Akseptkriteria i ROS-analyse virkar til å legge til grunn for høg risiko. 4. Akvakultur: Manglar tydelegare samanheng mellom kva verknad areal har på omgjevnad, både separat og samla. Manglar krav om berekraftige løysingar og miljøkrav i føresegn. KU 5. Manglar vurdering knytt til klimagassutslepp for nye og eksisterande areal. 6. Fleire nye byggeområde som er teken med kjem ut med stor negativ konfliktgrad. Positivt at det gjort justeringar i formålsgrensar for å dempe konfliktgrad 7. Strandsoneinteressa er vurdert som lite vekta i nokre områder. Endringar i formålsgrense og byggegrense vil dempe konfliktgrad.	1. Teken til vitande. Er vurdert ivareteken gjennom planvask 2. Er gjennomført gjennom planvask. Ein del planareal har blitt fjerna eller justert i tråd med funksjonell byggegrense. 3. Teken til vitande. LNF-spreidd er fjerna frå plan og ROS-analyse er oppdatert med justert risiko. 4. Teken til vitande. KU og planomtale er oppdatert for dei aktuelle areala. 5. Teken til vitande. Klima ligg inne som tema i planvask og KU. 6. Teken til vitande. Areal som har komen ut negativt i KU er justert for å dempe konfliktnivå. Tiltak som likevel er vidareført er etter ei samla avveging opp mot mål i arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel. 7. Teken til vitande. Strandsoneinteressar ligg inne som eige tema i planvask for vidareførte areal,

		8. Ein del områder har konfliktpotensiale mot strandsona, der formålsgrænse er trekt ned til sjølinje, mens byggegrænse meir tilbaketrekt. Justere formålsgrænse tilbake slik at dei samsvarar med byggegrænse. 9. Fleire vidareførte og nye områder som kan vere i strid med det innskjerpa jordvernet.	der funksjonell strandsone har vore vurdert i kvart enkelt tilfelle. 8. Formålsgrænse er trekt inn i meir tråd med funksjonell strandsone i planvask og KU. 9. Landbruk har vore eige tema i både KU og planvask, og det har blitt gjort tilpassingar i kvart enkelt tilfelle der det er høve.
9.	Mattilsynet	1. Syner til at det bør innarbeidast drikkevasskjelder vere synleg i plankart saman med omsynssone og føresegn.	1. Teken til vitande. Er ivareteken i sikringssone H110 tilhøyrande føresegn.
	Lag og organisasjonar		
10.	Leirvik Grendalag	1. Oppmodar om tilføre badeområde i reguleringsplan for Heggebøneset. 2. Oppmodar å få til fleire sjønære bustadtomtar.	1. Vurdert som innspel til reguleringsplan for Heggebøneset. 2. Teken til vitande.
11.	Øen Grendalag	1. Innspel på mange tiltak for utbetring av Sørbøvåg sentrum. 2. Legge til rette for meir fleksibel busetnad faste byggefelt. 3. Meir differensiering av 100-metersbeltet. 4. Viktig med gang- og sykkelveg heile vegen frå Salbu til Sørbøvåg bustadfelt. 5. Utbetring av hamneparken med blant anna veg til grillhytte, klatrevegg, fleire leikeapparat, etc.	1. Vert tema i Liv og lyst Sørbøvåg. 2. Gjort oppdatering av auka BYA i bustadfelt i arealdel og tilhøyrande reguleringsplanar. 3. Gjeld i hovudsak reguleringsføre mål Sørbøvåg. Dette er oppdatert i mindre endring anno 2025. 4. Notert for Reguleringsplan for Sørbøvåg 5. Dette er mogleg innanfor gjeldande reguleringsplan Sørbøvåg i dag.
12.	Rådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne	1. Tilrår å legge til rette for attraktive og sjønære tomtar. Bør søkte nærare dialog med grunneigarar for å finne desse områda.	1. Teken til vitande. Attraktivitet av areal vert alltid vurdert opp mot omsyn til strandsone.

13.	Hyllestad grendalag	1. Ynskjer å vidareutvikle Myklebustneset, med blant anna gjesthamn, sanitærbygg, leikeapparat, og oppgradering badeplass. Generell rehabilitering av myklebustneset med skilting, platting og sti.	1. Er i hovudsak innarbeidd i Reguleringsplan for Heggebøneset i dag.
	Næring		
14.	Roar Nordbø	1. Utviding av sjøareal i Sørbåvågen for småbåthamn. Knytte saman PS1, PS2 og PS3. 2. Ynskjer omregulering av gbr 32/6 til næringsformål. Sette nederste del til EL-lading.	1. Detaljnivå knytt til reguleringsplan. 2. Er tilført overordna formål «småbåthamn» for området.
15.	Tore Stene	1. Ynskjer ei utviding og omregulering av Sørbøvåg småbåthamn	1. Satt av småbåthamn som arealføremål kring området for utviding.
16.	Finio AS	1. Ynskjer å utvikle området rundt bedrifta med Småbåthamn. Vil bygge ut molo frå elvemunningen frå Salbuelva for å sikre god båthamn.	1. Teken til vitande. Hamneområde er satt av utanfor næringsområde.
17.	Firda Sjøfarmer AS	1. Ynskje om utviding av akvakulturarealet på Elveneset. Vil komme ut i hvit sektor, men referar til at det gjort i nabokommune ved å merke med AIS. Å trekke anlegg lenger ut frå fjell vil redusere fara for steinsprang og oppnå større dybde under anlegget. 2. Peikar på innspela vurderingane gjort i havbruksstrategien ikkje tar godt nok stilling til behovet for gode lokalitetar til lakseoppdrett. Peikar at innspelt lokalitet på Skiveneset vil vere mindre synleg for nærliggande eigedomar enn lokalitet på Skorpa. 3. Oppmodar at eit klart mål for kommunen bør vere å legge til rette for meir laks og ørret, då dette er det som løyser ut havbruksmidlar.	1. Sjøareal er trekt lenger ut for å dempe konfliktgrad med naturfare. 2. Gjennomført KU for alle justeringar av akvakultur i kommunen. Gjort justeringar på akvakulturlokalitetar i ytre delen av Åfjorden for å dempe konfliktgrad. 3. Planframlegget legg fram til meir tilpassa akvakulturareal kring eksisterande lokalitetar og tilført flytta areal lenger ut i Åfjorden.
	Private		

18.	Anne Kjersti Nesje Daltveit	Påpeikar flytebrygggestorleik ikkje samsvarar med mellom før og etter handsaming i plan og samfunn.	Teken til vitande. Storleik til flytebrygge er oppdatert i føresegn § 4.4.4.
19.	Gjermund Flage	- Syner til spørsmål knytt til forureining av grunn frå akvakultur og hindringa av ferdsel langs Skiveneset inn og ut av Åfjorden. - Innspeil: VA1 vert teken ut av arealplanen, og at området vert disponert som før.	Akvakulturareala i den ytre delen av Åfjorden er reduserte for å dempe konfliktnivået, samstundes som fiskeareal er innarbeidde i ein større del av fjorden. Endringane er i tråd med arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel og næringa sitt ynskje om å flytte akvakulturareal lenger ut i fjorden, der djupne- og straumtilhøva er betre. I samband med etablering av areal lenger ute i fjorden er areala i resten av fjorden justerte gjennom konsekvensutgreiing (KU) og planvask. Samla inneber dette at akvakulturarealet i Åfjorden vert redusert med 1 680 dekar, noko som svarar til ein reduksjon på 37 %.
20.	Atle Inderøy	Kritisk til nye akvakulturanlegg i åfjorden, med hensyn til fisking, forureining frå avkakultur. Syner også til auka pigghåbestand som øydelegg fjorden.	
21.	Terje Berge	Påpeiker at dei nye Akvakulturområda ytterst i Åfjorden vil øydelegge for dei beste fiskeplassane i fjorden.	
22.	Magnar Eide	Rettar fokus på at det må gjerast gode utgreiingar før ein opnar for meir oppdrett i Åfjorden.	
23.	Anders Furstenberg	Kritisk til fleire anlegg i åfjorden, som vil øydelegge naturen. Syner til å tenke alternativt som å flytte anlegg på land, satse innafor anna næring som reiseliv og skogbruk.	
24.	Terje Tveit	Ynskjer at strandsone på gbr 103/1 ikkje ligg innanfor omsynssone til akvakultur. Vil ha ei vurdering om å få flytta/minka akvakulturlokalitet på Tveit.	
25.	Anne-Karin Eiken	Ber om at dei nye akvakultuareala som er føreslegen ytterst i åfjorden vert teken ut. Grunngeving knytt til å verne om kulturminne og natur- og friluftsliv. Peikar på avslag til dispensasjon for lokalitet i same område i 2010, der det var argumentert med at foredelane ikkje var større enn ulempene.	
26.	Jobbjørn Løland	Ynskjer å få tilført vegtrase ned til sjølinje, i samsvar med teikningar.	1. Ikkje teken til følgje. Vegstrekning utan anna føremål ikkje vurdert i tråd med arealstrategi.
27.	Jørgen Øen	Ynskjer avsett område vert gjort om til naustareal.	1. Tilført i plan.

28.	Alek Nordbø	Ynskje om at jordbruksområde på gbnr 32/6, Områdereguleringsplan Sørbøvåg, ikkje vert gjort om til næringsareal.	1. Teken til vitande. Tatt med som innspel til revisjon av områdereguleringsplan for Sørbøvåg.
29.	Kjartan Åsmul	- Peikar på at arealdisponeringa på Eide er noko utydeleg. Bør fokusere på ein kombinasjon av fritidsbustader, bustader og småbåthamn, utan industri. Økogrend er å føretrekke. - Kritisk til industrialisering av den solgte tomte til oppdrettsnæring.	1. For å dempe konfliktnivå mot jordvern, så er arealet trekt inn til bygningsmasse på Eide med kombinert føremål bustad, fritidsbustad og turistføremål. 2. Området er ferdig regulert og vert vidareført i tråd med reguleringsføremål.
Innspel konkret areal			
30.	Christer Systad	1. Ynskjer å få innført område på Heggebøneset til naust/sjøbu. 2. Innføre Bustadareal opp i Øvre heggebøfeltet, i tilknytning med eksisterande felt. 3. Tilføre hyttefelt aust for det øverste feltet på Heggebø.	1. Tilført i plan. Areal justert noko vekk frå fylkesveg. 2. Ikkje gått igjennom siling. Med ny tilføring av areal på nedre heggebøen og øvre heggebøen, så er bustadreserven vurdert som tilstrekkelig. 3. Ikkje gått igjennom siling, dette er ikkje er i tråd med arealstrategi. Det er ikkje er ynskjeleg å tilføre hyttefelt tett knytt til bustadfelt.
31.	Magnar Rysjedal	1. Ynskjer å legge inn areal til spreidd busetnad/fritidsbusetnad i samsvar med vedlagt situasjonsplan. Området vil vere kring eksisterande busetnad i området, og vil fungere som fortetting.	1. Ikkje gått igjennom siling. Arealstrategien har gått vekk i frå å ha dedikerte areal til LNF-spreidd, men heller ha fortetting i sentrumsområder og løyse saker i LNF-område separat.
32.	Dag Ove Austgulen Myklebust	1. Avsette to områder til småbåthamn i tilknytning til eksisterande fritidsbustadområde. 15 båtplassar på kvar plass.	1. Tilført i plan, med plankrav.
33.	Erling Varlid	1. Ynskjer innmerka område i områdereguleringsplan vert lagt inn i arealdel som naustareal	1. Tatt med som innspel til framtidig revisjon av områdereguleringsplan for Sørbøvåg.
34.	Håvard Bjørnstad	1. Ynskjer avsett område til næringsføremål, ca 10 mål, på gnr 9/4.	1. Tilført i plan, med plankrav.

35.	Bjarne Andre Lekva	1. Nr 1. Innspel Båthamn i Lifjorden, Hellem. 2. Nr 2. Innspel på industriareal i Lifjorden, Lireid.	1. Tilført i plan, med plankrav. 2. Tilført i plan, med plankrav.
36.	Gaute Lundeland	1. Innspel til småbåthamn på Lundeland	1. Tilført i plan, med plankrav.
37.	Jan Åge Solstad	1. Innspel til småbåthamn på Hatlem	1. Tilført i plan, med plankrav.
38.	Eilev Strandos	1. Omregulering til næringsareal på eidneset.	1. Rekna som innspel til revisjon av reguleringsplan på Eidsneset.